



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kyrkjeråd

Det Norske Petroleumsfond
v/finansminister Kristin Halvorsen
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Dato: 06.01.06

Vår ref: 05/454-3 ITV/OFT

Dykkar ref:

Investeringar på Vestbreidda

MKR har drøfta korleis ein skal følgje opp oppfordringa frå sentralkomiteen i Kirkenes Verdensråd (KV) i 2005 til medlemskyrkjene om å vurdere de-investering av midlar i selskap som profitterar på israelsk utbygging av busetnader på okkuperte område på Vestbreidda og av muren/gjerdet som vert bygd på okkupert område.

De-investering er ikkje ei straff, men skal synleggjere kva slags aktivitet som ikkje har dekning i menneskerettane, internasjonal lov og FN-resolusjonar. Slike handlingar kan spele ei viktig rolle når ein ynskjer å stille eit land til ansvar for sin politikk. Ei oppmoding om de-investeringar er ikkje retta mot Israel generelt, men mot investeringar i firma som etter avtale med staten Israel driv si verksemd i okkupert område.

Mellomkyrkjelig råd gjorde fylgjande vedtak under sak MKR 39/05: Investeringar og handel – Vestbreidda:

1. Mellomkyrkjelig råd vil uttrykke si anerkjenning til Israel for at dei har trekt seg ut av Gaza. Den israelske tilbaketrekkinga frå busetnadane i Gaza er eit viktig steg mot det som bør bli ei full tilbaketrekking frå dei okkuperte områda. Mellomkyrkjeleg råd vil understreke at Israel har rett til å sikre sin eigen tryggleik, men at okkupasjonen på Vestbreidda er ei alvorleg hindring for ei rettferdig og fredleg løysing på konflikten i området.
2. Mellomkyrkjeleg råd sluttar seg til oppmodinga frå Kirkenes verdensråd til kyrkjer og andre som investerer, om å vurdere å trekkje ut investeringar i verksemd som er knytt til Israel sin aktivitet på okkupert område.
3. Mellomkyrkjeleg råd ber Opplysningsvesenets fond (OVF) og Petroleumsfondet om å gå igjennom sine investeringar og eventuelt trekkje seg ut av selskap som er aktive i oppbygginga av mur og israelske busetnader på den okkuperte Vestbreidda. Dette gjeld òg infrastruktur knytt til busetnadene, så som vatn og vegar. Busetnadene er eit brot på folkeretten og dermed ulovlege. Mellomkyrkjeleg råd vil vise til at norske styresmakter i ei

sak som gjaldt Vest-Sahara, har understreka at investering i næringsverksemd på okkupert område er i strid med internasjonal rett og norsk politikk.

4. Mellomkyrkjeleg råd vil understreke at oppmodinga ikkje gjeld anna verksemd i staten Israel.
5. Mellomkyrkjeleg råd oppmodar særleg OVF og Petroleumsfondet til å investere i verksemdar som deltar i oppbygginga av næringslivet i dei palestinske områda.
6. Mellomkyrkjeleg råd oppmodar andre kyrkjer og kyrkjelege organisasjonar til å vurdere sine egne investeringar og delta i oppfølginga av denne saka.

Vi bed spesielt om at de merker dykk punkta 3, 4 og 5.

Mellomkyrkjeleg råd og Kirkens Nødhjelp vil på bakgrunn av desse vedtaka be om eit møte med representantar for Petroleumsfondets etiske råd om denne saka.

Med helsing



Olav Fykse Tveit

Generalsekretær Mellomkyrkjeleg råd